


## Øvre Tveiten



## YSTEBOØTRÆET

Husmannsplassen YSTEBOØTRÆET, på austsida av Radøy, ei knapp mils veg nord for Manger, skal vera bygd på slutten av 1800-talet. Under same tak ligg stove og lóa, med ei steinlagd sval og ein steinskut i den eine gavlen. Den andre gavlen er dekt av ein stor gråsteinsmur. Stova er lafta og lóa er grindbygd – ein klassisk kombinasjon. Husmannen her hadde nokre få mål jord og dreiv litt fiske i tillegg; eit lite, spartansk anlegg kring knappe ressursar. Dette vesle samanbygde huset viser den folkelege byggeskikken frå si karakteristiske side: den enkle, nøkterne funksjonalismen gjev eit stramt, arkitektonisk uttrykk i landskapet.



*I ei austhelling ovanfor Hallandsvatnet ligg tunet på ØVRE TVEITEN, to kilometer nord for Manger. Den steinbygde lóa ligg med gavlen ut i det skrånande terrenget, og det gamle våningshuset, eit lite langhus, har solide steinmurar på tre sider. Men innanfor murane er både lóa og stovehuset trebygningar.*



Steinbygd lóa og stovehus på Øvre Tveiten. Bilete frå 1990

I tunet ligg det også kårhus, jordkjellar, eit yngre våningshus, gardflor, steingard og kvernhus. Lóa er bygd i grindverk, med steinmurar langs heile sør- og vestveggen og ein del av nordveggen. I tillegg er kjellaren med den opphavlege floren, og eit tilbygg mot aust, i tørrmur.

Stavkonstruksjonen med sidesvaler og murte yttervegger er eit svært alder-

dommeleg trekk og det er sjeldan å sjå i dag. Det er også uvanleg å finna ei såpass lang lóa som står med gavlen ut mot dalen. Det er vanskeleg å seia noko sikkert om alderen på lóa.

Våningshuset er eigentleg eit lite langhus. Bygningen har steinmur på tre av ytterveggene. Den gamle rominndelinga var *torvsval*, *hestestall*, *stove*, *gang/kjøkken med grue*. Lafterverket i stova er svakt ovaltelgd; det tyder på at stova kan vera frå 1700-talet. I dag er det lem over stova, men lemnen er truleg sett inn noko seinare, slik at stova opphavleg kan ha vore ei røykstove. □

## SMÅBÅTAR I JERNALDEREN

På MANGERSNES, i ei myr like ved sjøen, er det eit metertjukt lag med trevyrke som har hoggespor: hoggflis, greiner og stokkar. Innimellom dette ligg det både heile og skadde båtdelar og båtutstyr. Treverket må vera avfall frå bygging og reparasjon av båtar. Ei radiologisk datering av treverket gav ca. 200 e.Kr. To keipar er daterte til perioden 30 f.Kr.–250 e.Kr. og 560–670 e.Kr. Dateringane tyder på at det har vore aktivitet her over lengre tid, og stiller funna blant dei eldste båtfunna på Vestlandet.

Keipar og restar av åredelar fortel oss at det vart laga robåtar her. Spant- og taurestar viser at spanta vart surra til båtorda med lindebast. Spanta har eit trekanta tverrsnitt med spissen mot båtorda. Surringa gjekk gjennom hol i spantet og hol i utsparte klampar i båtorda. Ein rest av ein slik klamp er funnen. Den lette konstruksjonen gjorde båten mjuk og smidig, men samstundes svak. Det må ha vore framifrå lette robåtar. Det er til no ikkje funne restar etter båtorda, og vi veit heller ikkje korleis desse var festa. Ulik storleik på spanta viser at det er bygt båtar av forskjellig storleik, små på 3–4 m og større på 10–15 m. Det er ikkje funne gjenstandar som tyder på kjennskap til segl og rigg. Dette var båtar til dagleg bruk, og dei vart rodde, i motsetnad til dei båtane vi ser på bergbileta (①92).



To av keipene som vart funne i myra.